



Referat frå kommunemøte måndag 30. mars

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane, Fylkesmannen, helseføretaka, fylkeskommunen og Sivilforsvaret

Ikkje til stades: Austevoll kommune og Fitjar kommune

1. Informasjon frå Fylkesmannen

Det vert nytt telefonmøte førstkomande torsdag 16. april kl. 14.30. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 14.15.

Utdanningsdirektør Anne Hjermand vil delta på møtet torsdag, og vil kome med avklaringar knytt til gjenopninga av barnehagar og skular.

Folkehelseinstituttet (FHI) er i gang med å vidareutvikle modellering for å evaluere effekt av tiltak og sjå på regionale skilnader.

Vi sendte vidare til DSB oppmodinga frå Bergen kommune om at nasjonalt nivå i større grad må koordinere seg før tiltak vert sett i verk. I samvirkemøte mellom direktorata oppmoda DSB alle aktørar om å ta dette med seg vidare, og meinte at nasjonale rettleiarar/standardar kan bli døme på nasjonal koordinering når lemping av tiltak no kjem.

2. Rapportering frå Fylkesmannen til DSB

DSB har bedd om ei særreportering om vatn- og avløpstenestene i kommunane påverka av Covid-19-utbrotet. Fylkesmannen har rapportert at vi ikkje kjenner til at det er problem. Vi oppmodar igjen kommunane om å ha låg terskel for å rapportere til oss om utfordringar.

Her er særreporteringa DSB bad om 14. april:

Vi ber om at dere rapporterer på følgjende:

- *Er vann- og avløpstjenestene i kommunen blitt påvirket som følge av Covid-19 (koronavirus)?*

Dersom ja:

- *Beskriv påvirkningen nærmere.*
- *Beskriv hvorfor påvirkningen har oppstått. Herunder:*
 - *Utfordringer med eksterne leverandører av tjenester og/eller materiell, kjemikalier eller annet.*
 - *Fravær av eget personell, eller andre endringer i egen drift.*
- *Fungerer vann- og avløpstjenestene i kommunen på et nivå som er forsvarlig for brukerne?*
- *Fører påvirkningene til generelt økt fare for helse og miljø?*
- *Hvilke tiltak er igangsatt eller planlegges igangsatt for å håndtere utfordringene?*



3. Spørjeundersøking om reaksjon på Koronautbrotet

DSB har sendt eit samandrag av spørjeundersøkinga om innbyggjarane sine reaksjonar på koronautbrotet og regjeringa sine tiltak mot smittespreiing (basert på spørjeundersøkinga frå Opinion - "Norsk koronamonitor" - som omfattar meir enn 12 000 intervju).

- DSB konkluderer med at undersøkinga viser høg og vedvarande grad av etterleving av tiltaka, og at det er stabilt høg tillit til styresmaktene. Det tilseier at tiltaka kan vere levedyktige og effektive ei tid til.
- DSB går ut frå at graden av åtferdsendingar, og etterleving av råda frå styresmaktene, i stor grad heng saman med den tilliten folk har til styresmaktene sine vurderingar. Endringar i tillit vil difor ha betydning for effekten av tiltaka framover.
- DSB seier òg at endringar i uroa hjå folk vil påverke faktisk åtferd og etterleving av tiltak framover.

4. Hytteforbodet

Det nasjonale hytteforbodet vert avvikla frå 20. april.

Oppmodinga om å unngå unødige fritidsreiser vart understreka av regjeringa før påske og står fast. Dette er ei oppmoding og ikkje eit forbod som kan handhevast. Kommunane står fritt til å koma med liknande oppmodingar, der det er mogleg å skilja mellom hytter der eigarane ikkje har lang reiseveg og der dei har lang reiseveg frå heimen.

Det nasjonale hytteforbodet var grunna i eit ønske om å unngå stor belastning på helsetenester i små kommunar med mange hytter, som ikkje var dimensjonerte for å ta seg av hyttegjester i tillegg til fastbuande. Kommunane har ikkje ein tilsvarende heimel for å innføra lokale hytteforbod.

Kommunane kan berre innføra restriksjonar for bruk av ulike område etter smittevernlova der det konkret er grunngeve i fare for smitte, altså:

- Klar medisinfagleg grunngeving
- Naudsynt av omsyn til smittevernet
- Tenleg etter heilskapsvurdering
- Det er lagt vekt på frivillig medverknad
- Ikkje for sterkt ("uforholdsmessig") inngrep

5. Arbeid i karantenetida for utanlandske arbeidrar

Utanlandske arbeidrar i karantene kan arbeide i karantenetida under desse absolutte føresetnadene:

1. Dei i alle arbeidsoperasjonar må halda ein avstand på minst to meter til andre. Dersom dette ikkje er mogleg å få til, kan dei ikkje arbeide. Ein må også passe på andre smittevernrisikoar enn avstand på to meter, som må takast høgtd for i den konkrete arbeidsoperasjonen.



2. Dei som ikkje er i same husstand til vanleg, må i karantenetida på 14 dagar bu på einerom og alltid bruka sitt eige toalett eller dusj. Dei skal altså ikkje på noko tidspunkt i karantenetida dele toalett eller dusj med andre.

Dei kan ha eit visst samkvem med andre, til dømes måltid, så lenge det alltid er minst to meter avstand og over kortare tid.

6. Heimel for utsetjing av sakshandsamingsfristar i forvaltninga på grunn av korona

Justisdepartementet har kome med ei avklaring kring utsetjing av sakshandsamingsfristar i forvaltninga grunna korona. Denne avklaringa finn de her: https://www.regjeringen.no/no/tema/lov-og-rett/innsikt/veiledning-om-bestemmelser-i-forvaltningsloven-og-forvaltningslovforskriften/id2697201/?utm_source=www.regjeringen.no&utm_medium=epost&utm_campaign=nyhetsvarsel%2008.04.2020-12:19&utm_content=Koronasituasjonen

Oppsummert:

I forvaltningsforskrifta § 39 heiter det at fristar går ikkje dersom «saksbehandlingen blir forsinket på grunn av særegne forhold som forvaltningsorganet ikke kan klandres for», nærare presisert til ulike tilfelle:

- *Stor auke i saksmengd* på eit område kan gje utsette sakshandsamingsfristar i forvaltninga, jf. forvaltningsforskrifta § 39 første ledd bokstav d.
- *Stort fråvær* på eit saksfelt, til dømes på grunn av sjukdom, omsorg for barn ved stengde skular og barnhagar eller omdisponering av tilsette, kan gje utsette sakshandsamingsfristar i forvaltninga, jf. forvaltningsforskrifta § 39 første ledd bokstav e.

Det må gjerast ei konkret vurdering i kvar kommune og på kvart saksfelt av kor store konsekvensar koronarelaterte hendingar har for sakshandsaminga. Utsett frist kan mellom anna gjelde byggjesaker, der kommunen utan utsetjing hadde måtta betala tilbake gebyr dersom fristane ikkje kunne haldast. .

Hugs å sende førebels svar om venta sakshandsamingstid etter forvaltningslova § 11a ved forseinkingar og generelt for nye saker.

7. Statusoppdatering om smittespreiing

Det er generelt lite smittespreiing i Vestland fylke no. Talet på innlagde pasientar har vore fallande sidan før påske. Tiltaka har verka og regjeringa har lagt opp til ei forsiktig opning. Frå 20.4. kan barnehagar opne og frå 27.4 kan skulen frå 1.-4. klasse, SFO, yrkesfag i VG 2 og opplæring i VG3 starte opp.

Det er lite som tyder på at barn spelar ei stor rolle i smittespreiinga. Det er ikkje registrert utbrot i barneskular i Sverige og Island, sjølv om dei har halde skulane opne. Fylkesmannen meiner at dei nasjonale vedtaka om å opne opp samfunnet gradvis er rett, viktig og forsvarleg å gjere no. Spesielt er det viktig for barna det gjeld. Det er meldt om bekymringar for auka familievald som følgje av stenginga av skulane og barnehagane. Dette syner også rapportar frå andre land.

Det vert jobba med rettleiarar for korleis smittevernet best kan takast i vare i barnehagar og skular. Helsedepartementet samarbeider med FHI med å lage tiltak og rettleiing knytt til gjenopning av barnehagar, skular og andre verksemder (éin-til-éin-verksemder). Rettar og plikter til barnehagane og skulane vil vi kome tilbake til på torsdag.



Helsedirektoratet jobbar med å få på plass eit system for testing med auka kapasitet, som gjer at barnehagebarn og tilsette med symptom kan testast før dei går i barnehagen. Vi veit ikkje meir enno om når dette kjem på plass.

8. Lokalt utbrot

Vi minner om at det kan dukke opp nysmitte utan forvarsel. Kommunar kan og vil få lokale utbrot.

Det er ei bedrift i Osterøy kommune der smitten ser ut til å ha fått spreie seg godt før den første personen testa positivt. Så langt er 20 testa positive og 19 nye skal testast i dag, mange er sjuke.

Det var kommuneoverlegen som fekk mistanke og som har rulla opp dette. Omfanget er ikkje avklart, men det kan bli mange som er smitta i og rundt bedrifta. Situasjonen vert handtert av kommunen og kommuneoverlegen i samarbeid med bedrifta. Den er no stengd.

9. Rettleiar for prioritering i kommunane

Det er utarbeidd eit framlegg til rettleiar for prioritering i kommunane. Den er no på høyring.

Det er viktig at helse- og omsorgstenestene set seg inn i denne. Det vil kome store lokale variasjonar. Kommunane kan kome til dei ulike fasane i pandemien på ulike tidspunkt.

Notatet om kapasitet og prioriteringar frå Helsedirektoratet seier at nyttekriteriet, ressurskriteriet og alvorskriteriet skal leggest til grunn for prioriteringar. Alder skal sjåast i samanheng med prioriteringskriteria, men er ikkje eit sjølvstendig kriterium.

Smittevernomsyn kan krevje at tenestene må endrast og omorganiseras. Det gjeld både på sjukeheimar og i heimetenestene. Vi vil be kommunane tenke på:

- korleis kommunane kan samarbeide om dette på tvers
- om sjukeheimar/avdelingar kan brukast berre til koronapasientar på tvers av kommunegrenser
- samarbeid om bruk av personell med spesiell erfaring eller kompetanse
- planlegging for oppskalering av mengd senger og er dette gjort i samarbeid med helseføretaket

Det er viktig med tilstrekkeleg og styrka medisinsk fagleg kompetanse både for sjukeheimane og for heimetenestene. Det er viktig for å støtte tilsette, gjennom å gje råd i vanskelege situasjonar og bidra til godt samarbeid mellom ulike tenester. Legane trengs for å ta avgjerder knytt til enkeltpasientar.

Samhandlinga mellom helseføretak og kommunar er viktig. Den regelmessige dialogen er avgjerande for å få dette til å gli når det stramar seg til. Fylkesmannen vil bidra på ulike måtar med å understøtte eksisterande strukturar og samarbeidsorgan. Det er viktig å ha på plass gode samhandlingskanalar i alle helseføretak og kommunar.



10. Kartleggingar

Føremålet med kartlegginga av sengekapasitet og oksygen/-utstyr var å skaffe oversikt. Det resulterer ikkje i noko leveranse. Kommunane må sjølv stå for nødvendige bestillingar. Vi oppfordrar kommunane om å tenke samarbeid, i tillegg til det de allereie har gjort.

Alle kommunar har O₂-konsentratorer. Ikkje alle kommunar har O₂-kolber, men fleire ventar på leveransar. Fem kommunar har ikkje leverandøravtale av O₂, fem er usikre på om dei har, og resten bekreftar slike avtalar. Behova til kommunane er registrert.

Når det gjeld pulsoksymeter er det varierende beholdningar, dei fleste rapporterer om færre enn tjue. Vi har ingen klare tilrådingar om mengde, og kommunane må gjere ei vurdering av om dei trur beholdninga er tilstrekkeleg.

11. Smittevernutstyr

Sidan det er knapt om smittevernutstyr er det viktig å sjekke at dei tilsette i kommunane brukar riktig utstyr og at retningslinjene frå FHI vert følgt.

Det er ikkje registrert at nokon har hatt kritisk mangel på smittevernutstyr. Vi oppmodar om å halde fram med å hjelpe kvarandre når det er naudsynt.

Det er viktig at kommunane passar på at fastlegane med behov for smittevernutstyr blir prioritert på lik linje med resten av den kommunale helse- og omsorgstenesta. Det vil òg gjelde når éin-til-éin-tenestene startar opp att 27.4.

Det vil kome ny forsyning til kommunane i veke 17.

Som tidlegare nemnt er nasjonale forsyningar eit supplement, ikkje ei erstatning for anna utstyr, og kommunane må parallelt halde fram arbeidet med å få tak i egne forsyningar.

12. Alternativt opphaldsstad til personar i karantene/isolasjon

Helsedirektoratet skriv på sine sider:

Kommunene pålegges å sørge for at de som skal i karantene eller isolering, har et tilbud om alternativt oppholdssted dersom bovilkår eller familiesituasjon gjør det vanskelig med isolering hjemme. Det kan være hotell eller annet sted anvist av kommunen."

Fylkesmannen er av den oppfatning at der det først og fremst kan trengast eit slikt tilbod, er i område med utfordrande levekår, der mange personar bur saman i små bustadar utan høve til å isolere dei smitta i eigen del av bustaden. Det er ikkje avklart kven som skal betale for eit slikt tilbod.

Bergen kommune informerer om at dei driv å innhentar tilbod på «koronahotel» med betydeleg kapasitet. Nabokommunane kan ha i tankane at Bergen har kapasitet, dersom det skulle verte naudsynt. Dette gjeld ikkje behandlingstrengande, men smitta/mogleg smitta som må bu i isolasjon ein annan stad enn i heimen.

For rusavhengige i Bergen kommune vert det bygd opp ein eigen kapasitet med eige behandlingsopplegg (ca. 10 plassar).



13. Oppdatering frå Helse Bergen

Det går føre eit arbeid med å utvide kapasiteten til lab-undersøkingar. Kommunane i Helse Bergen sitt område vert orientert heile vegen.

Det vert diskutert om elektiv verksemd skal takast opp att for å ta unna for ein del av pasientane som står på venteliste. Det vert teke omsyn til at situasjonen raskt kan snu igjen.

Det er oppretta eit underutval til koordineringsgruppa til Helse Bergen, som skal sjå på kor stort omfang kommunane skal rigge til for koronasenger. Dei skal sjå på høve for interkommunalt samarbeid og bruken av sengene.

14. Tilbod til barn med foreldre med kritiske samfunnsfunksjonar

Skule- og barnehageeigarar har ansvar for å sørge for eit tilbod til barn som har føresette i kritiske samfunnsfunksjonar eller verksemdskritiske oppgåver. Ulvik kommune spurde kva det vil seie at det på utdanningsdirektoratet.no og regjeringen.no no står at det er tilstrekkeleg for å få tilbod at éin føresett arbeider i kritisk samfunnsfunksjon. Vi har sendt spørsmålet vidare. Fram til vi eventuelt har fått ei anna tilbakemelding, legg vi til grunn følgjande forståing:

Det er tilstrekkeleg at éin føresett arbeider i kritisk samfunnsfunksjon for å få tilbod, men det føreset at det ikkje er andre høve for barnepass. I veldig mange tilfelle der berre éin føresett er tilsett i ei samfunnskritisk verksemd, vil den andre føresette kunne passe barnet. Det vil difor ikkje gi krav på barnehage-/skuletilbod. Der foreldra ikkje bur saman, eller den andre føresette av ulike grunner ikkje har høve til å passe barna, vil det vere tilstrekkeleg at berre den eine føresette har ein samfunnskritisk funksjon for å ha krav på eit barnehage-/skuletilbod.

Sjå Utdanningsdirektoratet sine sider for meir informasjon om ordninga: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/>